

SAKSFRAMLEGG UTVALGSSAK

Behandla av	Møtedato	Saknr.	Saksansvarleg
Kommunestyret	18.12.2014	063/14	THUREI

ArkivsakID	JournalID	ArkivID	Saksbehandler
14/563	14/5900	223, U01	Reidar Thune

Ny tilskotsordning - næringsutvikling

Vedlegg:

Dok. dato	Tittel	Dok.ID
09.12.2014	skjemanyungnæring18122014	76607

Saksopplysninger:

Saka gjeld framlegg om å opprette ei ny tilskotsordning innan området næringsutvikling.

Historikk/status:

Vang kommune har tradisjonelt har årlege løyvingar på om lag 1,5 mill. på budsjettet til utdeling gjennom «Retningsliner for bruk av tilskot til næringsutviklingsarbeid.»

Dei siste åra og også for nokre år frametter er imidlertid desse midlane omprioritert til anna bruk slik at denne tilskotsordninga ikkje er i bruk.

Det har vore eksempel på personar i Vang som ønsker å starte si eiga verksemd, og som naturleg spør om kommunen kan gje ei form for oppstartstøtte/ etableringsstønad.

Bestilling frå formannskapet:

I formannskapsmøte 27.11.2014 vart denne situasjonen drøfta og det vart notert følgjande i protokollen, sak F-36/14:

Formannskapet ber administrasjonen legge fram ei sak til kommunestyret i desember som skisserer ei midlertidig tilskotsordning som kan vere ei påskjøning til nye etablerarar. Det må vere gjort ei vurdering av det planlagde tiltaket av Innovangsjon SA eller Valdres Næringsshagen og herunder undersøkt mulegheitene for eksterne tilskot.

Vilkår/ føresetnad for ny ordning:

Det er viktig at også den nye ordninga kan gjennomførast på ein ryddig og relativt enkel måte som sikrar intensjonen med ordninga, og at det blir størst mogleg grad av likebehandling.

Rådmannen oppfattar bestillinga slik at det er tale om eit mindre beløp sidan det skal vere som ei påskjønning. Det er sjølvsagt godt rom for tolking m.o.t kor stort eit slikt beløp er, men rådmannen for sin del tenkjer i området 5.000- 10.000 kr.

Når det gjeld vilkår til søkjar for å oppnå dette tilskotet, bør desse kunne svarast på i eit enkelt søknadsskjema.

Eit aktuelt vilkår vil vere om søkjar er registrert som busett i Vang i folkeregisteret.

Eit anna vilkår vil måtte vere dokumentasjon som grunnlag for å betale ut tilskotet: I praksis betyr det dokumentasjon på at verksemda har starta opp. At foretaket har bilag på utgifter og inntekter, samt at det er registrert i foretaksregisteret, vil kunne vere tilfredsstillande dokumentasjon.

Eit tredje vilkår kan vere krav om bindingstid. Dette må vurderast opp mot storleik på beløp og kor raus kommunen ønsker å vere. For eksempel kan det stillast krav om forholdsmessig tilbakebetaling dersom tiltaket blir avslutta/ flytting frå kommunen skjer innan 2 år.

Eit fjerde vilkår kan vere om kommunen ønsker å rette ordninga spesielt inn mot unge etablererar, for eksempel at ordninga gjeld personar til og med det året dei fyller 35 år det året det søkjast for og dokumenterast grunnlag for utbetaling av tilskotet.

Eit femte vilkår må vere at det gjeld fyrste gongs oppstart av næringsverksemd i Vang.

Forslag til skjema følgjer vedlagt. ./.

Saksbehandling

Med eit fast beløp vil det vere opning for å behandle innkomne søknader fleksibelt etter kvart som dei måtte kome inn utan forsinking for eksempel i form av ein årleg søknadsfrist.

Når det gjeld føringar for saksbehandlinga av søknadene, går fram av bestillinga frå formannskapet at Innovangsjon SA eller Valdres næringshage AS skal gjere ei vurdering av verksemda. Her skal det samstundes avklarast om det kan hentast inn eksterne tilskotsmidlar, for eksempel frå Bygdeutviklingsmidlar eller Innovasjon Norge.

Vurdering:

Forventa utgift med ordninga:

Det er vanskeleg å anslå utgifter knytt til ordninga. Utgangspunktet må imidlertid vere at kommunen opplyser godt om ordninga, og at flest mogleg ser det som interessant å bu og starte ny verksemd i kommunen.

For 2015 meiner rådmannen at det kan vere realistisk(sjølvsagt avhengig av kva beløp kommunestyret vel) å sjå for seg ei utgift på 50.000 kr.

Oppstarttidspunkt:

Dette vil ofte vere eit vanskeleg punkt ift dei som uansett val av oppstarttidspunkt fell akkurat utanom ordninga.

For rådmannen framstår det som saklefg at det naturlege oppstarttidspunkt blir dato for kommunestyret sitt vedtak, og det bør også her vere eit vilkår at verksemda ikkje alt er starta opp.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner den nye tilskotsordninga med dei vilkår som følgjer av saksframstillinga og søknadsskjema.

Formannskapet behandlar søknader om tilskot.

Rådmannen har fullmakt til å vurdere om vilkår for utbetaling av tilskot ligg føre.

Tilskot som ikkje kan utbetalast seinast året etter tilsagnet er gjeve, fell bort utan nærare varsel til søker.

Saka vart behandla i Kommunestyret 18.12.2014

Behandling:

Det kom klare utsegn om at punktet om tilbakebetaling kan framstå som negativt og at dette difor bør utgå.

KS-063/14 Vedtak:

Som framlegget med slik endring/presisering:

- Ordninga skal heite «Næringsstipend».
- Stipend etter denne ordninga blir kr 10.000,- Det blir ikkje gjeve tilskot dersom tiltaket oppnår anna form for støtte/ tilskot.

Samrøystes.